



Bjørn Naterstad er den einaste uskedeling i Brazooka no. Han spelar trombone

Halvvegs i Rosendal Musikkfestival kan det meldast om tett festivalstemning i Skålagato, som fungerte som arena denne føremiddagen. Faktisk kunne stemningen vore enda tettare hvis programleiinga hadde vore strengare med framdrifta. Kva som var høgdepunktet er det ikkje så lett å avgjera, men det var imponerande driv over Kleppe Musikklag sjølv om både Kopervik Musikklag og dei lokale korps med Rosendal Musikklag i teten markerte seg bra.



[Ann Lisbeth Moen serverar for partifelle Peder](#)

Apopos teten: Riktignok var også Brazzoka i aksjon, men dei begrensa seg til å servera nokre få gamle jazz-svisker utan å vise kva som er signaturmusikken deira. Men det er positivt at Uskedalen framleis er med på laget, ved trombonisten Bjørn Naterstad.



Mange uskedingar er på festival i baronibygd. Her er 3 generasjonar - Kjellaug Myklebust, Lina Berge Soldal og 2 rekruttar! Og apopos uskedingar: Gunvald Friheim er like uslitleg som før i musikklaget. Bygda vår var med andre ord godt representert. Men det skjedde ikkje berre på aktør-sida. Det var i høgste grad tilfelle også blant publikum og blant dei som tener ein slant eller 2 på arrangement som dette,

Eit døme på det var konditoriet til Peder Sjø Slettebø, bakar og høgrepolitkar, som ligg 5 meter frå scena og som difor minna mest om den berømmelege sildetønna. Men Peder, som sjølv berre er 26, møter etterspurnaden med ungdommeleg service. 3 18-åringar og ein 14-åring har ikkje hatt problem med det idag. Og ein av 18-åringane er til og med frå Ljosnes i Uskedalen:  
Ann Lisbeth Ljosnes Moen tek rett som det er eit tak for

Peder, men så er ho jo også leiar i Unge Høgre!

Så langt om føremiddagen og nokre av dei vi møtte då.  
Ikveld vert det enda meir luft i luka, for då kjem Hellbillies!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Gunvald Friheim er usliteleg!